

GULENSKYSS AS
Eivindvikvegen 1092
5966 EIVINDVIK

Dato: 21.06.2018
Vår ref.: 2018/10140-5
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy

Vi viser til søknaden dykkar om ruteløyve for nemnde strekning. Fylkesutvalet gjorde i møte 31.05.18 følgjande vedtak i saka:

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy.

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen kopi av saksframlegg og saksgong, med utdrag frå møteprotokollane.

Vedlagt følgjer også ruteløyvedokument for båtruta. Dette skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi skal oppbevarast i fartøy som vert nytta i rutedrifta.

Då de har opplyst at de ikkje vil nytte ruteløyvet for buss i år, og ikkje har turvognløyve, utferder vi ikkje ruteløyvedokument for buss i denne omgong. Dersom de ønskjer å starte opp bussruta, ber vi om at de tek kontakt når det er aktuelt, og når de har turvognløyve.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2018/10140-2
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	64/18	15.05.2018
Fylkesutvalet	152/18	31.05.2018

Søknad frå GulenSkyss AS om ruteløyve for strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy

Samandrag

GulenSkyss AS har søkt om løyve for båt- og bussrute på strekninga Bergen – Fedje – Hellesøy. Dei omsøkte rutene har turistar som uttalt målgruppe. Fylkesrådmannen finn at rutene kan ha positive verknader for turistnæringa, og kan ikkje sjå at det er tungtvegande omsyn som talar imot. Fylkesrådmannen rår difor fylkesutvalet til å tildele dei omsøkte ruteløyva.

Økonomi: Inga verknader.

Klima: Ubetydelege verknader.

Folkehelse: Inga verknader.

Regional planstrategi: Nyskaping knytt til næringslivet som i nokon mon bidreg til å gjere fylket attraktivt for turistar.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen – Fedje – Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen –Hellesøy.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.

2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.04.2018**Bakgrunn**

Administrasjonen har i brev av 04.04.18 frå GulenSkyss AS¹ motteke søknad om ruteløyve for båtrute på strekninga Bergen – Fedje – Hellesøy og bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy. Dette krev ruteløyve frå fylkesutvalet². Kommersielle ruteløyve som vert tildelt skal gjelde i 10 år.

Noverande rutetilbod på strekninga

Det er i dag ikkje direkte rutesamband mellom Fedje og Hellesøy, og ikkje båtsamband mellom nokre av dei tre stoppestadene på rutestrekninga.

På strekninga Bergen - Fedje er det samband med ordinær bussrute mellom Bergen og Sævrøy i kombinasjon med ferje mellom Sævrøy og Fedje. Reisetida på dette sambandet er omlag 3 timer og inneheld 3 byte av transportmiddel.

Mellom Bergen og Hellesøy er det ordinært bussamband. Dette har ei reisetid på knapt 2 timer og inneheld 1 bussbyte.

Dei nemnde rutene vert driven i regi av Skyss. Når det nye takstregulativet tek til å gjelde 1. august i år vil prisen på vaksen einskildbillett mellom Fedje og Hellesøy vere kr 37 utan ombordtillegg.

Omsøkt rutetilbod

Søknaden omfattar ein dagleg tur både med buss og båt kvar veg. Desse turane skal korrespondere etter eit ruteopplegg som opnar for fleire ulike reiserelasjonar. Det er på søknadstidpunktet berre lagt opp til rundturbilletter. Planlagt pris for ein vaksen rundturpassasjer er kr 1 250.

Dei omsøkte rutene har turistar som uttalt målgruppe. Det er lagt opp til å kople rutene opp mot organiserte og uorganiserte aktivitetar, mellom anna gjennom planlagt aktivt engasjement frå innbyggjarane på Fedje.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det omsøkte rutetilbodet kan kome i konflikt med Skyss sitt rutetilbod. Det er også uråd å sjå føre seg nokon reell konkurranseflate mot privatbiltransport. Ein vil her mellom anna vise til tilhøvet mellom GulenSkyss sine planlagte takstar og Skyss sine takstar. Det er såleis berre på miljøside at det her kan bli utslag; negative, men av ubetydeleg volum.

Den omsøkte ruta kan tette ei nisje i marknaden for turisttransport. Dette kan vere positivt for næringslivet, spesielt på Fedje og i nordre Øygarden. Miljørekneskapan for denne passasjergruppa er uviss, men volumet av eventuelle miljøulempar kan ikkje bli stort.

Fylkesrådmannen er oppteken av å stø opp under næringslivet, herunder den delen som rettar seg mot turistar. På bakgrunn av vurderinga over, kan fylkesrådmannen ikkje sjå at det er omsyn som veg tyngre i denne saka. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden frå GulenSkyss AS vert imøtekommen. Det er lovregulert at bussruter skal tilretteleggjast for personar med nedsett funksjonsevne, men ikkje for private båtruter. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert sett vilkår om det for båtrutedrifta.

¹ Organisasjonsnummer 980920143.

² Dette er fastsett i yrkestransportlova §§ 6 (1), 7 (1) og 13 (2) og fylkeskommunen sitt delegasjonsreglement pkt 2.1.3 og 30 andre ledd.